

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
26/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	19.03.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Toril Marie Mulen	14/175	

## Gbnr 29/3 og 29/4 - Vågenes øvre - søknad om oppføring av hus nummer 2 - Terje G Waagenes

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen gir søkjar løyve til å føre opp hus nummer to på gardsbruket gnr/bnr 29/3 og 29/4 – Vågenes – i Radøy kommune. Vedtaket er heimla i Jordlova § 9.

### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 26/2014

#### PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### PLT - vedtak:

Rådmannen gir søkjar løyve til å føre opp hus nummer to på gardsbruket gnr/bnr 29/3 og 29/4 – Vågenes – i Radøy kommune. Vedtaket er heimla i Jordlova § 9.

#### Saksutgreiing:

Vi viser til søknad frå Terje G Waagenes dagsett 24. januar 2014 om søknad om å føre opp hus nummer to på gardsbruket gnr/bnr 29/3 og 29/4 i Radøy kommune.

Søknaden frå Terje G Waagenes: «Har no overtatt gardsbruket frå onkelen min, Steinar Vågenes, og søker med dette om å få byggja hus på tildegare omsøkt stad på brn 4. Iflg banken er tinglyst skøyte å finna på nettet, sjølv om det ikkje har kome meg i hende pr post enno. Vonar å koma vidare med naudsynte søknadar snarast råd».

Saka er vurdert etter Jordlova § 9 når saka var oppe i hovudutvalet 18.12.2013. Det er denne vurderinga som ligg til grunn for rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka.

Rådmannen viser til møtet i hovudutvalet 28.10.2013 der hovudutvalet gav uttrykk for at dei var positivt innstilte til at søker skulle få løyve til å bygge hus nummer to på landbrukseigedommen gnr/bnr 29/3 og 4 om nevøen overtok gardsbruket. No er nye eigarforhold på plass. Ny eigar er

nevøen til Steinar Vågenes: Terje G Waagenes. Dette er avgjerande for rådmannen si positive innstilling i saka.

**Vedlegg:**

Gnr 293 og 4 Vågenes Øvre - vedk søknad om oppføring av hus nr 2 (L)(198689)

Gbnr 29/3 og 29/4 Vågenes Øvre - søknad om løyve til å føre opp hus nr 2 - tilleggsinformasjon

Gnr. 293 og 4 - Vågenes Øvre - Søknad om løyve til oppføring av hus nr. 2 - klagesakshandsaming (L)(197189)